


Fylkesmannen: Nei til frådeling på Skorpo

27.04.2009



Denne skissa viser det aktuelle området på Skorpo.

Fylkesmannen rår ifrå at Brit Margrethe Dahle som bur på Stord får dispensasjon for frådeling av eit tilleggsareal på Skorpo.

Saka gjeld eit område nær Mjødnasund som i kommuneplanen er lagt ut som LNF-område og også innanfor 100-metersbeltet langs sjøen. Rådmannen har gått mot dispensasjon, medan forvaltningskomiteen har røysta for.

Frådelinga er i strid med LNF-føremålet og intensjonane bak plan- og bygningslova, påpeikar fylkesmannen.

Området er godt eigna til bading og friluftsaktivitetar. Ei frådeling vil difor medføra ein privatisering av den aktuelle strandparsellen, held fylkesmannen fram. Han minnar om at det er eit generelt deleforbod innanfor 100-metersbeltet langs sjø og peikar på at praksisen kring frådeling i strandsona er ei innskjerping av lova og såleis ikkje må reknast som usakeleg forskjellshandsaming.

Fylkesmannen finn også grunn til å påpeika dei uheldige følgjer ein dispensasjon kan få i form av presedens. Det gjeld både i høve til andre eigedomar i området og for liknande tilfeller andre stader i kommunen. På sikt vil dette kunne bidra til å svekka planverket og utvatna arealføremåla.

I denne saka er det difor ikkje tungtvegande grunnar som kan slå igjennom overfor dei omsyn som plan- og bygningslova er meint å ivaretaka.

Hvis kommunen likevel vel å gje dispensasjon trass i frårådinga frå fylkesmannen, ber fylkesmannen om å få oversnedit kommunen sitt vedtak til klagevurdering.

Av Ola Matti Mathisen